

Oktober 2024

RAPPORTERING FRÅ VERKSEMDA

Helse Førde HF

STYRESAK: 080/2024



INNHALD

1. Administrerende direktør si vurdering	3
2. Aktivitet	5
2.1 Somatikk	5
2.2 Psykisk helsevern	6
3. Fag og kvalitet	7
3.1 Ventetid	7
3.2 Fristbrot	8
3.3 Andel ikkje møtt	8
3.4 Epikrise	8
3.5 Korridorpatientar	9
3.6 Utskrivingsklare pasientar	9
3.7 Stryking av planlagde operasjonar	9
4. Medarbeidarar	10
4.1 Brutto månadsverk	10
4.2 Tal medarbeidarar	10
4.3 Sjukefråvær	11
5. Økonomi	12
5.1 Resultat	12
5.2 Likviditet	14


1. ADMINISTRERANDE DIREKTØR SI VURDERING

Administrerende direktør er nøgd med drifta i oktober. Resultatet vart 3,5 millionar, som er 3,7 millionar betre enn budsjett. Aktiviteten var noko betre enn budsjett målt i DRG poeng til tross for at oktober også var prega av innflyttinga i nytt bygg i Førde. Dei tilsette har gjort ein svært god jobb med å oppretthalde aktiviteten samstundes som ein har tatt i bruk bygget. Dette er også svært viktig med tanke på ventetider.

Samstundes vil administrerende direktør påpeike at underliggende drift er bak budsjett. I oktober vart resultatet påverka positivt med om lag 7 millionar, som er eingongseffektar som ikkje vil vere med i 2025. Administrerende direktør vil derfor understreke at det framleis er behov for omstilling for å tilpasse drifta til langsiktige økonomiske rammevilkår. Ein ser allereie no effektar av fleire av tiltaka som er gjennomført, men dette vil ikkje vere tilstrekkeleg for ein berekraftig økonomi som kan sikre investeringsevne til å utvikle eit likeverdig tilbodet til innbyggjarane i vårt opptaksområde.

Helse Førde har, som påpeika i styresak 072/24, den siste tida hatt eit høgt sjukefråvær. Sjukefråværet i september vart 8,3 prosent, og foreløpig tal for oktober viser 8,1 prosent, som lik gjennomsnitt til no i år. I 2023 vart sjukefråværet 7,4 prosent.

Administrerende direktør har sett i verk eigne tiltak for å redusere fråværet. Vi har gjennomført møte med NAV Sunnfjord knytt til å få sett eit ekstra fokus inn på oppfølging av langtidssjukemelde i det daglege, og det vert no lagt opp til at NAV vil ha tilsette fast stasjonert på sjukehuset ein dag i veka. Administrerende direktør har også godkjent at føretaket iverksett eit to-årig prosjekt med ein 100% tilsett prosjektmedarbeidar, som skal arbeide med implementering av beste praksis, oppfølging av enkeltmedarbeidarar og støtte og opplæring av leiarar i den daglege oppfølginga av sjukemelde.



I høve tilgjengelegheitsindikatorane for poliklinisk elektiv helsehjelp, er det mest markante denne månaden ein vedvarande betydeleg reduksjon i ventetid for behandla

innan psykisk helsevern for born og unge. Ventetida er på 38 dagar, som er nær langtidsmålet på 35 dagar. Den reduserte ventetida for behandla er forventa å vere låg også neste månad, då ventetida for ventande er på 32 dagar. Denne markante endringa kjem som eit resultat av betring i behandlarsituasjonen innan fagområdet.

Innan somatikk held ventetid for behandla seg stabilt på 77 dagar. Det er å forvente at ventetida blir redusert noko innan utgangen av året grunna alle iverksette tiltak knytt til ventetidsløftet.

Det er også denne månaden ei auke i fristbrot (392 nye siste månad). Det er særleg innan kvinnesjukdommar, fordøyelsessjukdommar (medisinsk poliklinikk) og urologi (kirurgisk poliklinikk) at det er fristbrot. Det er iverksett tiltak innan alle fagområda for å betre situasjonen.

2. AKTIVITET

2.1 Somatikk


	Denne måned			Hittil i år		
	Faktisk	Avvik bud	Avvik fjor	Faktisk	Avvik bud	Avvik fjor
Aktivitet:						
— Tal døgnopphald (AOH)	1 295	-51	-74	13 469	26	250
— Tal dagopphald (AOH)	511	-6	24	4 897	80	145
— Tal polikliniske konsultasjonar	12 943	738	305	119 441	535	2 350
DRG:						
— Sum DRG-poeng	2 381	31	12	25 022	308	620
· herav DRG-poeng døgn	1 480	-74	-54	14 999	-498	10
· herav DRG-poeng dag	186	6	29	1 760	99	67
· herav DRG-poeng poliklinikk	646	107	33	5 934	745	215
· herav DRG-poeng STG øvrige	8	8	-1	91	91	16
· herav DRG-poeng TFG øvrige og H-resept	61	-17	4	2 236	-130	312
Indeks:						
— DRG-indeks døgn (AOH)				1,114	-0,039	-0,020
— DRG-indeks dag (AOH)				0,359	0,015	0,003
— DRG-indeks poliklinikk				0,050	0,006	0,001
Støtteindikatorer:						
— Tal telefon- og videokons. m/eiegenandel	1 456		418	12 375		2 640
— Tal dagkirurgi (AOH)	384		19	3 585		13
— Netto liggedagar døgnopphald i perioden	4 326		-419	45 156		-1 712
— Gjennomsnitt liggetid døgnopphald (SOH)				3,7		-0,2
— Gjennomsnitt liggetid døgnopphald (AOH)				3,4		-0,2
DRG fordelt per bustadsområde (ei STG/TFG):						
— DRG-poeng pas. busatt i Helse Førde	2 154		19	20 869		382
— DRG-poeng pas. busatt utanfor Helse Førde	76		-9	1 049		-116

Perioden

Aktiviteten i perioden er god, samla eit positivt avvik på 31 DRG-poeng. Det er særskild god aktivitet i medisinsk klinikk, medan det er noko lågare aktivitet enn budsjett i kirurgisk klinikk. Det er lågare tal døgnopphald og dagopphald enn budsjett, men det har i perioden vore særskild god aktivitet knytt til polikliniske konsultasjonar.

Hittil i år

Samla hittil i år har aktiviteten gitt 308 DRG-poeng meir enn budsjettert. Det er positive avvik knytt til både døgn, dag og polikliniske konsultasjonar. Utvikling i DRG-indeksen indikerer at det er noko lågare DRG-produksjon pr døgnopphald enn budsjettert og mot fjoråret, medan det er noko høgare DRG-indeks enn budsjettert og samanlikna med fjoråret knytt til dag og poliklinikk.



2.2 Psykisk helsevern


	Denne måned			Hittil i år		
	Faktisk	Avvik bud	Avvik fjor	Faktisk	Avvik bud	Avvik fjor
Aktivitet:						
— Tal døgnopphald (AOH)	89	-34	-5	926	-241	-116
— Tal dagopphald (AOH)	2	2	-4	52	52	8
— Tal polikliniske konsultasjonar	4 318	231	262	36 425	-943	-107
DRG:						
— Sum DRG-poeng	1 058	7	73	8 941	-660	88
. herav DRG-poeng poliklinikk	896	-155	62	7 508	-2 093	-78
. herav DRG-poeng STG PHV	161	161	11	1 434	1 434	167
Indeks:						
— DRG-indeks poliklinikk				0,206	-0,051	-0,002
Støtteindikatorer:						
— Netto liggedagar døgnopphald i perioden	1 829		-115	16 322		-3 070
— Tal telefon- og videokons. m/eiegenandel	700		23	6 074		-54
— Tal ambulante konsultasjonar	244		18	2 228		95
DRG fordelt per bustadsområde (ei STG/TFG):						
— DRG-poeng pas. busatt i Helse Førde	852		61	7 162		-26
— DRG-poeng pas. busatt utanfor Helse Førde	42		-1	344		-55

Perioden

Aktiviteten i oktober er om lag som plan målt i DRG-poeng, med eit positivt avvik på 7 poeng. Det er lågare tal døgnopphald enn budsjettert, dette heng naturleg saman med stenging av døgnpost Tronvik. Det har i perioden vore særskild god poliklinisk aktivitet, med samla 231 fleire konsultasjonar enn budsjettert.

Hittil i år

Hittil i år er det samla lågare aktivitet enn budsjettert målt i DRG-poeng, men det er høgare aktivitet enn tilsvarende periode i fjor med 88 poeng.




3. FAG OG KVALITET

3.1 Ventetid

Ventetid for ventande pasientar ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 72 dagar ved utgangen av oktober (73 i september). 81 i oktober i fjor.
- PHV-V: 32 dagar ved utgangen av oktober (32 i september). 21 i oktober i fjor.
- PBU: 27 dagar ved utgangen av oktober (25 i september). 30 i oktober i fjor.
- TSB (rus): 0 dagar ved utgangen av oktober (9 i september). 10 i oktober i fjor. (NB: Veldig få pasientar.)



Ventetid - Helsehjelp starta i perioden

Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i oktober var:


- Somatikk: 74 hittil i år (77 dagar i oktober) – måltal er 50. 80 hittil i fjor.
- PHV-V: 33 hittil i år (28 dagar i oktober) – måltal er 40. 32 hittil i fjor.
- PBU: 55 hittil i år (38 dagar i oktober) – måltal er 35. 56 hittil i fjor.
- TSB (rus): 19 hittil i år (15 dagar i oktober) – måltal er 30. 23 hittil i fjor.



3.2 Fristbrot


Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 219 fristbrot på behandla pasientar i oktober svarande til 10,3 prosent av behandla i oktober (10,0 % i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,2 prosent.
- Førebels registrert 392 nye fristbot i oktober, svarande til 14,0 prosent av alle med frist i oktober (10,7 prosent i september).



3.3 Andel ikkje møtt

3,1 prosent i oktober (3,1 prosent i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,5 prosent.



3.4 Epikrise

Epikrisetider (august-tal)

Innan 1 dag (mål 70 %)

- Somatikk 82 prosent denne månad og hittil i år 80 prosent (78 prosent i heile 2023).
- Psykisk helsevern 37 prosent denne månad og hittil i år 54 prosent (49 prosent i heile 2023).
- TSB/Rus 100 prosent denne månad og hittil i år 64 prosent (67 prosent i heile 2023).

Innan 7 dagar (mål 100 %):


- Somatikk 93 prosent denne månad og hittil i år 92 prosent (92 prosent i heile 2023).
- Psykisk helsevern 81 prosent denne månad og hittil i år 88 prosent (89 prosent i heile 2023).
- TSB/Rus 100 prosent denne månad og hittil i år 93 prosent (92 prosent i heile 2023).

3.5 Korridorpatientar

4 korridorpatientar, svarande til 0,1 prosent av innlagte (0,1 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,5 prosent.

3.6 Utskrivingsklare pasientar

26 døgn i oktober, svarande til 0,6 prosent av alle liggedøgn (0,2 prosent i heile 2023). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.




3.7 Stryking av planlagde operasjonar

21 strøkne operasjonar i oktober, svarande til 4,3 % av alle operasjonar. Gjennomsnitt for Helse Vest er 7,2 prosent.




4. MEDARBEIDARAR

4.1 Brutto månadsverk





Brutto månadsverk i oktober syner ei auke på 19 brutto månadsverk frå førre periode. Samanlikna med oktober 2023 er det ei auke på 30 brutto månadsverk. Brutto månadsverk uttrykkjer all arbeidstid som er utbetalt, omgjort til månadsverk/årsverk og inkluderer alle som har fått lønn.

4.2 Tal medarbeidarar



Tal medarbeidarar er stabilt frå september til oktober, med ein mindre reduksjon på fire tilsette. Samanlikna med tilsvarande periode i fjor er det ein reduksjon, medan det på fem år er auka med 100 tilsette.

4.3 Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i Helse Førde per september syner eit fråvær på 8,3 %. Førebels tal for oktober syner eit fråvær på same nivå, svak reduksjon. Det er framleis eit høgt nivå på langtidsfråværet, og ein ser i tillegg ei svak negativ utvikling knytt til korttidsfråværet.

5. ØKONOMI

5.1 Resultat

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
☒ ISF inntekter	57 783	54 433	3 350	567 589	556 884	10 705	671 550
☒ Gjestepasient inntekter	1 945	2 980	-1 035	28 978	29 527	-549	34 675
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	16 924	15 138	1 787	148 671	145 972	2 699	176 642
☐ Pasientrelatert inntekt	76 652	72 550	4 101	745 239	732 383	12 855	882 867
☒ Basistilskudd	250 679	249 114	1 565	2 230 133	2 224 964	5 169	2 749 451
☒ Andre inntekter	7 416	5 786	1 630	75 935	56 380	19 555	68 216
☐ Sum Driftsinntekter	334 747	327 450	7 297	3 051 307	3 013 727	37 580	3 700 534
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-50 986	-41 251	-9 735	-459 790	-412 543	-47 247	-514 233
☒ Lønn til fast ansatte og vikarer	-146 522	-149 896	3 374	-1 316 064	-1 307 243	-8 822	-1 611 358
☒ Variable tillegg og overtid	-14 804	-9 862	-4 942	-154 722	-106 691	-48 031	-133 763
☒ Feriepenger og sosiale kostnader	-59 584	-59 489	-95	-660 934	-652 099	-8 835	-775 039
☒ Lønnsrefusjoner	10 948	6 205	4 742	96 033	58 042	37 991	73 269
☒ Innleie av personell	-3 055	-869	-2 187	-33 288	-11 976	-21 312	-13 787
☒ Diverse personalkostnad	-1 919	-1 502	-417	-16 953	-12 289	-4 664	-15 268
☒ Reisekostnader	-2 399	-2 306	-93	-19 852	-15 316	-4 537	-19 853
☐ Lønn- og personalkostnader	-217 336	-217 719	382	-2 105 780	-2 047 572	-58 209	-2 495 800
☒ Øvrige kostnader	-47 054	-51 795	4 740	-438 757	-446 341	7 584	-549 861
☒ Av- og Nedskrivning	-14 222	-14 538	316	-91 049	-93 925	2 875	-123 000
☐ Sum Driftskostnad	-329 600	-325 303	-4 297	-3 095 377	-3 000 380	-94 997	-3 682 894
☐ Driftsresultat	5 148	2 147	3 000	-44 070	13 347	-57 417	17 640
☒ Sum Finans	-1 604	-2 314	710	-11 102	-15 014	3 912	-19 640
☐ Totalresultat	3 544	-167	3 710	-55 172	-1 667	-53 505	-2 000

Perioden

Resultatet i oktober positivt med 3,5 millionar kroner. Dette er eit positivt avvik mot budsjett på 3,7 millionar kroner. Resultatet er prega av ekstraintekter som vi ikkje får med oss inn i 2025, og samla er det estimert at eingongs-effektar utgjør omlag 7 millionar kroner i perioden.

Inntektene er i perioden 7,3 millionar kroner høgare enn budsjettert. God aktivitet, samt inntektsføring av øyremerka midlar og andre inntekter knytt til endring Tronvik er årsakene til positivt avvik.

Varekostnadar og helsetenester viser eit samla meirforbruk på 9,7 millionar kroner i oktober. Dette er knytt til medikament, H-resept og kjøp av helsetenester (gjestepasientar).

Personalkostnadar er i oktober i balanse. Som tidlegare periodar er det meirforbruk knytt til overtid, innleige og vikarbruk. Svært høge lønnsrefusjonar, i oktober 4,7 millionar kroner høgare enn budsjettert grunna høgt sjukefråvær.

Øvrige kostnadar er 4,7 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette knytter seg mellom anna til pasienttransport, samt andre budsjettavsetningar på budsjetteknisk område.

Hittil i år

Samla per oktober månad har Helse Førde eit negativt avvik mot budsjett på 53,5 millionar kroner, det vil seie eit akkumulert resultat på minus 55,2 millionar kroner.

Pasientrelaterte inntekter i Helse Førde er 12,9 millionar kroner høgare enn budsjettert hittil i år etter god aktivitet. Øyremarka midlar og andre inntekter utgjør eit positivt avvik på 24,8 millionar pr oktober.

Varekostnadar akkumulert viser eit negativt avvik mot budsjett på -47,3 millionar kroner. Hovudårsaka er medikament-/implantat-kostnadar og H-resept, som utgjør eit negativt avvik mot budsjett på 29,6 millionar kroner og 8,0 millionar kroner. Vidare er det også akkumulert eit meirforbruk knytt til kjøp av helsetenester på 10,3 millionar kroner, der gjestepasientkostnadar er hovudårsaka. Andre varekostnadar er omlag i tråd med budsjett.

Lønnskostnadane akkumulert viser eit negativt avvik mot budsjett på 58,2 millionar kroner per oktober. Det har gjennom heile året vore utfordringar knytt til overtid, vikarbruk og innleige. Sjukefråværet held fram på eit høgt nivå, og lønnsrefusjonane akkumulert pr oktober er 38 millionar kroner høgare enn budsjett.

Øvrige kostnadar hittil i år har eit mindreforbruk som følgje av budsjettekniske postar. Underliggende ser ein eit meirforbruk knytt til kostnadar til utstyr og lokale, men dette vert dekkja inn av eit mindreforbruk av pasienttransport.

5.2 Likviditet



Helse Førde hadde ved utgangen av oktober eit trekk på kassekreditten på -311,5 millionar kroner. Prognosen samla syner at likviditeten vil halde seg på nivå med utgangen av oktober, noko reduksjon i desember.

Det var i oktober utbetalt 7 millionar kroner til investeringar, eit lågt nivå. Det er budsjettert med ytterlegare 90 millionar kroner i utbetalingar til investeringar ut året. Dette inngår i prognosen.

Helse Førde HF
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00
helse-forde.no